

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.04.2018**

May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er møtande vara til styret for Sunnhordland museum og Kari Foseid Aakre (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er medlem i styret for Stiftinga Museumssenteret i Hordaland. Sandvik og Aakre gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om de var inhabile. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samråystes at May Eva Sandvik og Kari Foseid Aakre ikkje var inhabile.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet meiner dei statlege tilskota til dei konsoliderte musea i Hordaland må aukast minst tilsvarande snittet for resten av landet. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for dialog med staten om medansvar og framtidig finansieringsmodell.
2. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen, i samarbeid med museumsleiarane, utarbeide statistikk/tal som grunnlag for vidare dialog med kommunane/regionråda om utvikling av kommunale museumssstrategiar.
3. Som eit tillegg til gjeldande retningsliner for tilskotsordninga Museumsloft, vedtek Fylkesutvalet at det for «Museumsloft 2018» vert opna opp for å gje støtte til tiltak som kan styrka samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige.
4. Fylkesutvalet ber om at det i samband med regionreforma vert utvikla strategiar som skal danne grunnlag for ein ny museumspolitikk.